



Kyrkjehola Kulturbeite


Føremål med programmet

- KKB ønsker å markere seg som ein tydeleg og offensiv kulturinstitusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som siktemål.
- Det kulturelle tilbudet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folklore.
- KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Møreregionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og medverke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billetter:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på arrangement, namnet ditt og talet på billetter.
E-post: Gjennom heimesida www.kyrkjehola.no eller på adressa billett@kyrkjehola.no
Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

Kyrkjehola sin muskarprofil 2011



Knut Ivar Bø

Kyrkjehola Kulturbeite held seg med profesjonelle festivalmusikarar med lokal tilknytning! I år er det vaksvikbygdaeren Knut Ivar Bø som er "artist in residence" i Kyrkjehola.


Denne sjølvlærde spelemannen har sett halve verda gjennom instrumentet sitt. Allereie for meir enn 25 år sidan var han eit kjent namn i Skandinavia – både frå radio, TV, festivalar og plateinnspelningar, m.a. dei grensesprengande "Ferdamann" (1994), og "Ferdafolk" (1997).

Knut Ivar har spelt frå Svalbard til Italia, frå USA til Estland. Han har gjort ei mengd rikskonsertar og samarbeidd med band, kor og korps i dei fleste stilartar - frå dans til kyrkjer, revyar til teater og scene til studioarbeid. Han har også skrive ein del musikk sjølv, m.a. "Troll-kyrkjegarden", inspirert av segna frå fjellet mellom Stordal og Innfjorden, og seinast tingsverket "Footprints" (Dance of the Trolls), som vart urframført sommaren 2010.

Taterviser ved bålet

Knut Ivar Bø møter trubaduren Elias Akselsen

DYRKORNKAIA FREDAG 29. JULI KL 2100



På sjølvaste olsokkvelden inviterer vi til stemningsfullt møte på Dyrkornkaia. Knut Ivar møter for første gong Elias Akselsen - ein songar og tradisjonsformidlar av stort format. Akselsen tilhøyrer minoriteten tater (romanifolket) og blei i oppveksten utsett for forfølgning av både styresmakter og kyrkja. Han budde i Sverige i store deler av ungdomen og samarbeidde m.a. med trubadurane Cornelis Vreeswijk og Fred Åkerström.

Seinare kom han tilbake til Norge og starta ei omfattande tradisjonsformidling, m.a. med kritikkaroste plateinnspelningar. "Ingen synger så sentimentalt og upolert og rått som Elias Akselsen" seier Mona Riise i Lydverket NRK, medan Arne Guttormsen i Vårt Land seier det slik; "Jeg gir mye for å sitte ved bålet sammen med Elias Akselsen."

Det er akkurat det siste du kan få oppleve på Dyrkornkaia den 29.juli!

Klassiske godbitar

Syskenparet David og Julie Coucheron

ROSEKYRKJA MÅNDAG 15. AUGUST KL 1930

Syskena Julie og David Coucheron frå Nesodden - ho omreisande konsertpianist, han fiolinist og konsertmeister i Atlanta Symphony Orchestra, er begge tidlegare Fjord Cadenza-deltakarar.

No har dei engasjert seg for å få denne tradisjonsrike festivalen i gong att – ho som musikalsk leiar trass sin unge alder. Konserten i Rosekyrkja er eit frittstående samarbeidsprosjekt mellom Kyrkjehola Kulturbeite og Fjord Cadenza. Vi vil få oppleve syskenparet Coucheron i samspel – og med eit spennande, men slett ikkje ukjent repertoar. Her blir det mykje velklang for øyre og sinn!



Kjære publikum!

Vi håper du er blant dei som har gleda deg til ein ny sesong med Kyrkjehola Kulturbeite – og at du, når du ser kva vi har å by på denne sommaren, blir ofte å sjå på arrangementa våre.

I fjor hadde vi for første gong ein eigen festivalartist. Dette har vi vidareført denne sesongen, og i år med Knut Ivar Bø i denne rolla. Han er godt kjent lokalt, men også velrenommert i større krinsar, både nasjonalt og internasjonalt. Han vil ha ein finger – eller rettare sagt eit trekkspel – med i fleire av konsertane våre denne sesongen.

Også denne sommaren kan Kyrkjehola Kulturbeite by på urframføringar. Særleg spennande skal det bli å lytte til nye arrangement til kjende og kjære songar. Vi gler oss til å høyre Helene Bøksle å synge saman med mange lokale songtalent. Slik vil vi ivareta eitt av dei viktige føremåla til Kyrkjehola Kulturbeite: Stimulere til nyskapande og kreative møte mellom ulike kunstformer og mellom profesjonelle og lokale utøvarar.

Velkommen til ein ny og minnerik sommar i Kyrkjehola Kulturbeite!

Med helsing frå styret

Hovudsponsor 2011:



SPAREBANKEN MØRE

Støtte frå offentlege instansar:



Møre og Romsdal
fylkeskommune



NORSK KULTURRÅD
Arts Council Norway



STORDAL KOMMUNE
- der folk trivst

Komponistenes Vederlagsfond

Vi er og takksame for støtte frå



FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring



NTNU
Det skapende universitet

KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

PROGRAM SOMMAREN 2011

Og vesle lerka...

Konsert med Helene Bøksle m/husorkester og lokale talent

ROSEKYRKJA SØNDAG 19. JUNI KL 1800



Vi opnar kulturbeitet 2011 med ei av Noregs mest profilerte, unge songarar; Helene Bøksle, i samarbeid med fleire lokale songtalent som solistar og i kor! Vi set søkjelyset på nynorsk lyrikk og i tillegg til songar frå Helene Bøksle sitt repertoar, får publikum høyre ei rekkje perler frå den nynorske songskatten. Kyrkjehola sin eigen kunstnarlege leiar, Odd Johan Overøye, har tonesett ei

rad nyare dikt av utvalde, nynorske poetar og har arrangert det meste av musikken til denne konserten. Orkesteret består av Odd Johan (tangentar), Anders Larsen (fiolin) og Mats Eilertsen (bass). Nesten 20 unge, talentfulle stordalsjenter er med på konserten i både kor- og solistnummer. Songlærer i Stordal kulturskule, Elise Gjørde, er ansvarleg for innøving og direksjon.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Til tidens ende...

Konsert og urframføring med Alpaca Ensemble
ROSEKYRKJA TORSDAG 23. JUNI KL 1930

Alpaca Ensemble er ei gruppe med unge toppmusikarar som har markert seg med ei rekkje kritikarroserte prosjekt. Den siste plata; "Systema Naturae", vart nominert til Spellemannsprisen 2010. Gruppa har spesielt gjort seg bemerkta med spennande og offensive presentasjonsformer av ny musikk.

Konsertens hovudverk er "Kvartett til tidens ende" av Olivier Messiaen. Stykket vart skriva då komponisten sat i tysk fangenskap under 2. verdskrig. Musikken skiftar frå sterke energiutblasingar med stor virtuositet til det blendande vakre og djupt spirituelle, og er rekna som eit av dei mest særegne verka frå det 20. hundreåret. Ikkje minst får den virtuose klarinettisten Rolf Borch nok å henge fingrane i! I tillegg byr konserten på urframføring av Odd Johan Overøye sin klavertrio "A Little December Music". Dette er i stor grad meditatív musikk, basert på klangar frå naturtoneskalaen.



Fotspor

Konsert med Knut Ivar Bøe Band

ROSEKYRKJA ONSDAG 29. JUNI KL 1930



Det første møtet med årets muskarprofil er ein konsert vi har kalla Fotspor. På denne konserten har Knut Ivar med seg dei muskarane han har jobba mest med i si aktive karriere. Vi får høyre ein god del verk som Bøe sjølv har skriva. Frå seinare år kjem tingingsverka "Footprints" og ikkje minst "Trollkyrkjegarden" – der ei gruppe frå Stordal Hornmusikklag med venner også får

sin KKB-debut – i tillegg til rikholdige smakebitar frå Ferdafolk sin lokale storfjordmusikk.

Enno meir lokalt vert det når muskarane med hjelp av Gro Kjelleberg Solli blæs støvet av folketonar og bruremarsjar frå Jøsvoldsamlinga. Denne skattekista etter musikklyntant Peter Jøsvold er alt for lite påakta i dag. Med unntak av Ferdafolk sine innspelningar har dei knappast vore framførte i profesjonell samanheng.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Kappspel i Nilsgardstunet

Knut Ivar Bøe Band møter Brødrene Larsen

NILSGARDSTUNET FREDAG 8. JULI KL 2200

Etter TrondheimSolistene sin konsert i Rosekyrkja er det klart for kappspel på Nilsgardstunet. Då blir det hæla i taket!

Festivalmusikar Knut Ivar og Ferdafolk kan feire 15 år jubileum i år, og det er deira repertoar som står i sentrum - frå melankolske trekkspelklassikarar "från dom milvida skogar och tusen sjöars land", via fellesarv i jämtlandsk folkemusikk til eigenopplevde, sunnmørske historier. Dunderande balkanlåtar møter lettbeint riverdance, og rabiate realar møter heite sambarytme på veg til sveitt trekkspelblues i Louisiana!

Det einaste som manglar - trønderske villpolsar og kappspel i midt-nordisk slåttelandskap - tek felespearane Gjermund og Einar Olav Larsen seg av, i internasjonal toppklasse med heile Norden som arbeidsfelt. Dei er solistprofilar på turneen med TrondheimSolistene, har diplomeksamen i folkemusikk og spelar fletta av kven som helst!



TrondheimSolistene

Eliteorkester i fri dressur

ROSEKYRKJA FREDAG 8. JULI KL 1930



Fenomenet TrondheimSolistene har etablert seg som eit utruleg spennande ensemble i internasjonal toppklasse blant kammerorkester. For albumet "In Folk Style" har dei vore nominert til Grammyprisar både i klassen for Best Surround Sound Album og Best Small Ensemble Performance. Med stor programbreidde og musikalsk vidsyn er orkestret ein av Norges viktigaste musikalske eksportartiklar. Det har turnert over heile verda og til sommaren kjem dei altså til lille Stordal og Kyrkjehola Kulturbeite!

I Rosekyrkja har orkestret med seg brøne og toppsolistane Gjermund og Einar Olav Larsen, kanskje dei aller heitaste namna innan norsk folke- og verdensmusikk om dagen, og grossistar i gjeve prisar. Dette blir stort!

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Vandring

Konsert med vokalgruppa Smyr og Steinar Løberg Værnes (trompet/elektronikk)

ROSEKYRKJA LAURDAG 23. JULI KL 1930

Smyr består av Kristin Eidhamar Næss, Anne Birte Bjørdal Hanken, Ingvild Drønnen og Gunhild Marie Roald - alle frå Ålesund. Sidan starten i 1997 har kvartetten utvikla ein unik og klar identitet, der rike og dynamiske klangbilde er grunnleggande element. Og nettopp fordi dei fire stemmene kvar for seg er svært ulike, utgjør dei til saman eit spennande og homogent lydbylde. Smyrs repertoar inneheld berre eigenkomponert materiale. I songane finn du referansar til både jazz, norsk folkemusikk, gregoriansk song og moderne kyrkjemusikk. Du får kvile i tradisjonelle harmoniar og svevande, luftige klangar. Samtidig kan du oppleve at nådelause disharmoniar treffer som harde slag, eller at du blir dradd inn i drivande rytmemønster der du nesten kan skimte eit heilt orkester gjennom vokalfrasene.



Smykke i sølv og emalje

Utstilling v/Kristin Selboskar

PRESTESTOVA 29. JULI – 7. AUGUST



Kristin Selboskar er smykkekunstnar med sølv og emalje som spesialitet. Inspirasjonen for kunstnaren sitt arbeid med smykke ligg i interessa for design; det å skapa noko frå grunnen av. Prosessen startar med små skisser før ho går i gang med forminga. Ideane til emaljen kjem ofte seinare i arbeidet. Kunstnaren er stadig på jakt etter nye former på same tid som ho gjerne omarbeider idear frå tidlegare smykke, der ho med enkle grep skapar nye uttrykk.

Ho gjer alt for hand og er oppteken av at kvart smykke blir unikt og personleg for den som skal bære det.

Kristin Selboskar har sidan 1996 vore ein aktiv utstillar i Noreg og er representert i ei rekkje av dei viktigaste kunsthandsutsalsala i landet.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Teikning og måleri

Utstilling v/Inger K. Giskeødegård

PRESTESTOVA OG LØSETSTOVA
29. JULI – 7. AUGUST

Inger K. Giskeødegård er ein allsidig og produktiv kunstnar som ved sida av ei lang karriere som avisteiknar også har ein omfattande måleriproduksjon å vise til. I det omskiftelege lyset i kystlandskapet på nordvestlandet finn ho stadig nye motiv til bileta sine. Kunstnaren er særleg kjend for sine bilete av kyr i kulturlandskap der ho gjennom sin karakteristiske kombinasjon av teikning og måleri "kommenterer" korleis endring av gardsdrift og dyrehald påverkar landskapet vi alle er ein del av.

Inger K. Giskeødegård har sidan 1987 teikna for fleire av dei største avisene i landet og fekk i 2001 pris for årets avisteikning av Norsk Redaktørforeining. Ho har hatt ei rekkje separatutstillingar i Noreg og fleire utsmykkingsoppdrag.

